

STORTINGSVAL 1993

RV-AVISA



Reagerer du på at arbeidsplassar vert nedlagt medan kapitalistane fører kapital utor landet? På at folk går arbeids-lause medan samfunns-oppgåver er uløyste? På at partia ikkje stiller spørsmål ved den økonomiske veksten sin natur- og miljøødeleggjande karakter?

På at regjeringa fører Noreg inn i EF utan løyve frå folket? Trur du at Stortinget vil ordne opp for deg?

Eller meiner du at folk må organisere seg og sjølv forme framtida? Då er det på tide å protestere, på tide å røyste RV!

Stortingsval 1993

www.pdf-arkivet.no (2020)



MAGNAR FALKENSTEIN, småbrukar frå Naustdal,
nummer ein på RV-lista seier:

OM SOSIALISME

I valkampen er det berre eitt parti som skil seg ut i år. Leitar du etter noko skarpt i alt det fargelause, sjå på RV.

RV er det einaste partiet som held fram eit sosialistisk alternativ ved dette valet.

Vi treng sosialisme slik at arbeidskraft ikkje vert utbytta. Rikfolket skal ikkje rane til seg mykje av verdien av folk sitt arbeid. Næringslivstoppane har makt til å sko seg sjølve og til å spele poker med arbeidsplassane til folk om det skulle løne seg for dei. Kvifor er det slik at folk vert arbeidslause, medan toppane siglar i fallskjerm til neste toppjobb? Har du høyrte om ein langtidsledig toppsjef eller ein toppsjef som vart flytta ned på golvet?

Vi treng sosialisme slik at folka i den tredje verda ikkje vert utpinte. Dei rike landa held den tredje verda nede på fleire måtar. Urettvis handel gjer u-landa til berre råvareprodusentar. Verdsbanken gjev lån til u-landa mot at desse landa dansar etter dei rike si pipe. Dei rike landa går og til direkte krig mot dei fattige. Golf-krigen er eit døme på at dei rike måtte sikre seg tilgang på olje. Dei rike er frekke nok til å utstyre seg med FN-flagg når dei legg ut på rov.

Vi treng sosialisme slik at samfunnet ikkje utpiner jorda eller ureinar miljøet. Vi treng ein produksjon i økologisk balanse og det hastar. Dette er avgjerande for at det skal kunne verte liv på jorda framover. Marknadskreftene under kapitalismen vil alltid jakte på maksimal profitt. Dette øydelegg den økologiske balansen.

RV meiner at vi treng sosialisme for å kvitte oss med rikfolket i Noreg, for å slutte med utplyndringa av den tredje verda og for å få ein produksjon i økologisk balanse. Kapitalisme og marknadskrefter vil aldri løyse dette. Det er tullprat når SV-leiar Erik Solheim snakkar om «seriøs kapitalisme». Den veksande økologiske krisa gjer at det hastar med å kaste kapitalismen og marknadskreftene over bord.

RV held fram sosialisme, sjølv om dei sosialistiske prøveklutane i Aust-Europa og Kina forlengst har falma i vinden. Dårleg utvikla demokrati gav spele-rom for fåmannsvelde og undertrykking. Friare marknadskrefter vil berre føre til meir undertrykking.

Det er folket som må skape sosialisme. Mykje er usikkert om korleis eit slikt samfunn vil sjå ut. RV er for desentralisert makt. Det må ikkje få vekse fram eit nytt pampevelde. U-landa skal få full fri-dom og økologien må setjast i sentrum. Vi vil ikkje ha råd til å fø på ei overklasse som veltar seg i luksus. Alle skal få meningsfylt arbeid. No opplever vi stor arbeidsløyse på same tid som uløyste oppgaver står i kø. Det er ei skam!



Oddveig Lyngstad, skuleelev frå Jølster,
nummer to på RV-lista seier:

OM UNGDOM OG KVINNER

Ungdomen representerer framtida. Likevel vert ungdom ofte råka av offentlege spareknivar. RV meiner at all ungdom skal ha krav på arbeid eller skuleplass. Skule av god kvalitet er ikkje gratis. Skulane må få ressursar slik at elevar og lærarar kan løyse desse oppgåvene.

Reform -94 skal gje all ungdom tilbod om treårig vidaregåande skule. RV er redd for at kvaliteten på utdanninga vil svekkast om Stortinget ikkje løyver tilstrekkeleg midler til mellom anna etterutdanning av lærarar og til nøye å følgje opp reforma.

Skulen skal ikkje vere ein plass for oppbevaring av ungdom. Skule skal kvalifisere for arbeid. Det er drepende for ungdommeleg tiltaksløyst å sjå på køen av arbeidslause. Ungdomen har stor interesse av eit samfunn som gir meiningsfylt arbeid til alle. Betre utdanningstilbod vil gjere distrikta betre i stand til å møte framtida. Skulane er og «ein skule i demokrati» og elevar og studentar må ha reell innverknad på sin eigen skule- og studiesituasjon.

RV kjempar for full kvinnefrigjerung, og det er kanskje litt umoderne i nittiåra. Noreg har kvinneleg statsminister, kvinneregjerung, kvinnelege banksjefar og andre kvinnelege næringslivsleiarar. Nokre av desse såkalla vellukka kvinnene greier til og med å kombinere toppstillingar med å vere småbarnsmor.

Norske kvinner sin kvardag er nok prega av andre ting. I arbeidslivet har kvinnene for alvor kome med dei siste 25 åra. Det kom sær mange arbeidsplassar i offentleg sektor. Kvinner går i lågtlønssyrke. Kvinner går i deltidsjobbar for å vere fleksible i høve til husarbeid og omsorg for born og eldre.

Nedskjeringane i offentleg sektor vil føre til at kvinner misser jobbar og at arbeidsløysa hjå unge jenter vert ekstra stor.

Det er viktig for kvinnene at velferdsstaten ikkje vert fjerna, men at velferdstilboda istaden aukar. Betre tilbod på sjuke- og aldersheimar, betre utbygd barnehage- og fritidsheimtilbod vil gi arbeidsplassar for kvinner. Kvinner vil få mindre privat og gratis omsorgsarbeid.

RV er for 6-timars normalarbeidsdag for alle. Dette saman med utbygde barnehagar og fritidsheimar vil gi kvinnene betre høve til å delta i arbeidslivet på lik linje med menn. Likestilling i arbeidslivet vil også legge tilhøva til rette for at menn tek sin del av husarbeid og privat omsorgsansvar.

Kvinnekroppen er salsvare i vårt samfunn. Dette tek ulike former. Gateprostituasjon, bordellar, puppe-servering og porno er dei mest ekstreme. Kvinnekroppen vert meir enn nokon gong nytta i spekulativ reklame. Meir TV-reklame sender no dette direkte inn i stovene til folk utan spørsmål.

RV kjempar imot at kvinnekroppen vert brukt som salsvare. Vi deltek i aksjonar for å hindre dette. Det er langt att til full kvinnefrigjerung. Kvinnerørsla har kjempa fram viktige framsteg før, og det nyttar å kjempe.



Einar Rysjedal, fabrikkarbeidar frå Høyanger,
nummer tre på RV-lista seier:


OM EF

RV er for nasjonal sjølvråderett og likeverdige samarbeid mellom nasjonar. Me seier nei til EF, då eit EF-medlemsskap vil avskaffe den nasjonale sjølvrådetretten. EF er ein europeisk rikmannsklubb. Der skal den europeiske storkapitalen verte sterk nok til å kjempe mot USA og Japan. Ein konsentrert og samordna storkapital vil også lettare kunne slå under seg dei kriseramma landa i Aust-Europa.

Rikmannsklubben EF vil stå sterkare rusta økonomisk, politisk og militært til å utbytte dei fattige folka i den tredje verda. Me ser dette mellom anna på den stramme og rasistiske innvandringspolitikken som EF legg opp til. EF-unionen er eit samarbeid for dei kvite og rike. RV er for internasjonal solidaritet. Me må då solidarisere oss med dei fattige i verda, og ikkje med EF sin rikmannsklubb.

EF-unionen vil ha ein sams bank og sams pengeeiing i EF-landa. «Dei fire fridomane» er fri flyt av kapital, varer, tenester og arbeidskraft i den indre marknaden. EF-unionen vert ei slagkraftig eining for pengemakta. Jakta på maksimal profitt vil føre til at mange verksemder og arbeidsplassar vil gå dukken i dette systemet. RV meiner at den indre marknaden og «dei fire fridomane» vil få den aller-eie for høge arbeidsløysa til å verte endå verre.

EF-unionen pussar no våpna til ein sams EF-hær. Ein kan verte redd av mindre. Me høyrer at det er fredsskapande når gamle europeiske rivalar no står side ved side. Den freden som vert skapt ved militære konsentrasjonar i Europa er det grunn til å vere



skeptisk til. RV ottast at EF-hæren skal brukast mellom anna i den tredje verda. Under Golf-krigen var ikkje EF-hæren på bana som ei samla makt. USA var då sjølvskrivne som leiande drapsmaskin med FN-flagget i knappholet. Generalane for EF-hæren har nok andre planar ved neste krossveg.

Norsk EF-medlemskap vil true det me kjenner som den norske velferdstaten. Tilpassinga til EF sitt skatte- og avgiftsnivå fører til tap av offentlege inntekter. Eit tap som vil resultere i drastiske nedskjeringar innafor både skule-, helse-, sosial- og kultursektoren. Nedskjeringar som er meir omfat-



tande enn dei som den norske kapitalistklassen åleine har fått styresmaktene med på. Det sosiale sikringsnettet vil meir avgrense seg til dei som har løna arbeid. Velferdsikring i lovs form vil verte redusert.

Folket i Noreg er like bastante EF-motstandarar som i 1972. Dette er bra og RV jobbar aktivt i NEI til EF. Gro-regjeringa tek ikkje omsyn til fleirtalet i folket. Dei søker om medlemskap i EF-unionen likevel.

Ved Stortingsvalet for fire år sidan, vart det sagt at det ikkje skulle vere noko EF-val. Kva har skjedd i

desse fire åra? Jau, Stortinget har ikkje berre sendt EF-søknad. Stortinget har vedteke EØS-avtalen som på mange måtar er eit økonomisk EF-medlemskap. Eit medlemskap som det norske folket sa nei til i 1972. Ja-folka nekta å legge EØS-saka fram for folkerøysting. Dei nekta også å vente med handsaming i Stortinget til hausten 1993, slik at folk kunne få uttale seg ved stortingsvalet.

EF-motstandarane må sikre nok nei-folk på tinget. Me må vinne folkerøystinga. Me må ikkje GRO fast i EØS, men tvert om melde oss ut av EØS så fort som mogeleg. Stortingsvalet er eit EF-val. Ikkje ei nei-røyst skal gå til ein ja-kandidat!

Vibeke Johnsen, lærar og student frå Sogndal, nummer fire på RV-lista seier:

OM INTERNASJONAL SOLIDARITET OG ANTI-RASISME

Kvar dag dør 40 000 barn av svolt, meslingar og diarre, medan Vest-Europa og Nord-Amerika ikkje klarer og bli kvitt smørberga sine. Vi ser krig, svolt og død på TV-skjermen, og sit attende med avmaktkjensle. Tilgjenge på nyhende gjer oss passive. Nokon tener på ei urettvis verd. Nokon tener på at vi sit i avmakt og let døyande barn og drepende kuler fare over skjermene. Internasjonal solidaritet er å bytte avmakt med kamp. Vi skal ta ansvar, dei få skal ikkje lenger tene seg rike medan du og eg berre ser.

Kva er internasjonal solidaritet? Vene, ufarlege frasar alle kan vere samde i? RV vil handling, ikkje frasar. RV ser ein samheng mellom kvardagen vår og livet til folk i andre land. Auka sjølvberging



i alle land er ein føresetnad for at alle skal ete seg mette. Noreg skal ikkje nytte jord til produksjon av



luksusvarer i land kor folk svelt og jorda vert utarma. Dei varene vi framleis importerer skal vi betale ein rettvis pris for. Vi skal ikkje gje støtte til eige næringsliv i skjul av økonomisk bistand til land i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Vi må syte for at vanlege folk får nyte godt av pengane og at dei sjølv får bestemme kva dei skal brukast til. Vi må til dømes støtte organisasjonar som kjemper mot overgrep, og som ønskjer å styrke folk i sin eigen kamp.

Den norske utlendingelova er rasistisk og i tillegg særskilt kvinne- og barnefiendtleg. Passtvang, trakassering på gata og problem når ein får familie og vener frå heimlandet på besøk er kvardagen for svarte i Noreg. Om lag 0,025 prosent av flyktingane i verda finn vegen til Noreg, i 1992 fekk 70,6 prosent av asylsøklarane avslag (5238 søkte om asyl). Dei flyktingane som får vere i landet utgjer om lag 10 prosent av den årlege veksten i befolkninga. Dette er tal eit land som i tankar og ord, om ikkje i gjerningar held den humanistiske fana høgt, bør skjemmast over.

Redd Barna klagar staten inn for FN. Dei seier Noreg bryt den internasjonale konvensjonen (avtalen) om barna sine rettar. Noreg sender born ut av landet sjølv om dei har budd her i lang tid medan

søknaden om asyl vart handsama. Noreg tek ikkje omsyn til at kvinner ofte arbeider med politikk på ein annan måte enn menn, dette gjer at kvinner har liten sjanse for å få positivt svar på ein asylsøknad. Noreg ser ikkje kvinner og barn som einskildindivid, men som noko som følgjer med hovudpersonen (mannen).

RV vil at dei som flyktar frå krig og overgrep skal få bu i Noreg. Dei som bur i Noreg skal ha dei same rettane, til dømes ha rett til å få besøk av slekt og vener utan at dei skal trakasserast når dei kjem til, og er i, landet. Dei skal og ha rett til arbeid og til å vere med i den politiske prosessen.

EF byggjer ein mur rundt det rike Europa, og vil ha A- og B-borgarar innanfor. Eit Noreg utanfor EF har moglegheit til å føre ein menneskevenleg, anti-rasistisk politikk, difor er kamp mot norsk EF-medlemsskap viktig i den antirasistiske kampen.

Rasisme er ikkje berre statlege overgrep og tragiske utfall av papirmølla for einskildindividet. Kampen mot rasisme er og ein kamp mot fordommar og manglande kunnskap. Kampen mot rasisme er ein kamp for menneskeverd i ei tid kor fascismen er i frammarsj i Europa og det er stovereint å seie at «dei tek jobbane frå oss».



RV MEINER:

I denne valavisa seier dei fire toppkandidatane kva RV meiner på viktige område; sosialisme, ungdom, kvinner, EF, rasisme og internasjonal solidaritet. For andre standpunkt syner vi til RV sitt landsprogram. Vi tek med eit lite knippe av enkeltstandpunktene våre her:

- betre sjølvforsyning i jordbruket – den tredje verda treng maten sin sjølv
- nei til utarmande giftjordbruk – ja til berekraftig økologisk jordbruk
- fjern moms på norske landbruksprodukt
- storsatsing på kollektivtrafikk – satsing på tog i staden for storflyplass
- sats på energiøkonomisering
- nei til atomkraft og gasskraftverk
- vern av Naustedalsvassdraget – det må ikkje få gå tapt i politisk hestehandel
- kystfiskarane må få fiskekvotane
- stans rovfisket i Barentshavet og Norskehavet
- forsvar normalarbeidsdagen – nei til utvida bruk av overtid og ugunstig arbeidstid
- forsvar arbeidsmiljølova
- ja til eit godt offentleg og gratis helsetilbod
- for ein restriktiv alkoholpolitikk og mot utbreiing av narkotika
- krisesenter for kvinner i alle kommuner – staten må betale
- husbankrenta ned til 6 prosent – ungdom må få sjanse til å etablere seg
- inga realrente på studielån
- rett for lesbiske og homofile til adopsjon og kunstig befruktning
- for eit sterkt og uavhengig invasjonforsvar – Noreg ut av Nato
- vernepliktige må ikkje kunne påleggast teneste utanlands – vi må unngå at norske soldatar vert kanonfødde i NATO/Vestunionen/FN sine angrepskrigar
- styrk den sivile beredskapen
- auka pressestøtte sikrar mangfaldet i pressa
- avfall er også ressursar. Vi seier nei til store fyllplassar og ja til kjeldesortering, resirkulering og kompostering.





Kvifor er ting gale?

Vi kunne halde på i det uendelege og trekke fram gode enkeltsaker. Nokre av dei vil vere særeigne for RV, medan andre vil du nok også finne hjå andre parti. RV skil seg frå dei andre partia, sjølv om vi har enkelte programformuleringar felles. Vi stiller spørsmål om kvifor ting er gale, og her er nokre døme:

*** Kvifor får øydelegginga av miljøet halde fram?**

Svar: Alle veit at det hastar med å snu utviklinga. Men kapitalistane får meir profitt ved å tyne natur og miljø. Så enkelt og så vanvittig.

*** Kvifor veks arbeidsløysa i ei tid med så mange uløyste oppgåver?**

Svar: Kapitalistane tener på arbeidsløysa. Dei pressar løna til arbeidsfolk ned. Dei får folk lettare til å akseptere ugunstig arbeidstid. Arbeidsfolk vert meir «disiplinerte» og «fleksible».

Kapitalistane jaktar på profitt, sjølv om dei likar å smykke seg med at dei er arbeidsgivarar.

*** Kvifor er presset mot kvinner så stort idag?**

Svar: Det er lettare å presse kvinnene ut av arbeidslivet i tider med stor arbeidsløysa. Tenk over samhengane mellom arbeidsløysa og desse påstandane i seriøs offentleg debatt. «Barnehagar liknar konsentrasjonsleirar.» «Det må innførast offent-

leg godkjende bordellar.» «Sjølvbestemt abort må avskaffast.» «Topplause serveringsdamer på 14-dagars arbeidskontrakt er naudsynt for å få lønsemd på ein serveringsstad.» «Vi treng fleksibel arbeidskraft utan fast tilsetjing. Fleksible husmødre kjem når vi ringer og går når køen i butikken er avvikla.»

Tre kvifor om miljø, arbeidsløysa og kvinner syner at det er det kapitalistiske systemet som må angripast. Enkeltsaker er viktig nok, men vi må i tillegg setje oss høgare mål.

Raud Valallianse sitt langsiktige mål er sosialismen. I eit sosialistisk Noreg er det ikkje maksimal profitt og økonomisk vekst som styrer produksjon og samfunn, men folk sine behov og naturen sine tålegrensar. I eit sosialistisk Noreg er det ikkje kapitalkreftene og borgarskapet i det offentlege som har makta, men det arbeidande folket gjennom eit nytt styresett. Sosialismen vert ikkje innført gjennom stortingsval, men når folk sjølv tek saka i eigne hender og skapar eit nytt samfunn ved å omstøyte det gamle. Berre RV vil gje den daglege kampen ei slik retning.





KVIFOR RØYSTE PÅ RV I SOGN OG FJORDANE?

RV har små mandatsjansar i fylket her, medan nei-folk i SV og Senterpartiet ligg godt an. Valet er eit EF-val, men ikkje berre eit EF-val. RV skil seg frå dei andre partia ved at vi meiner det er nyttelaust å flikke på kapitalismen. Vi trur ikkje som SV-Solheim på «seriøs kapitalisme». SV ser seg ut Arbeiderpartiet som regjerings-kameratar etter at folkerøystinga er over. For RV er dette ufatteleg.

AP-leiinga er dei mest ihuga EF-tilhengarane. Eit fornya AP etter ei folkerøysting med Nei-resultat er lite truleg. Vi ser tydeleg at AP idag ikkje tek omsyn til klare Nei-signal frå eiga velgarmasse. Korleis skal då SV greie å prate AP til rette i eit regjeringssamarbeid? Og like viktig: Kven trur at ei slik eventuell AP/SV-regjering vil melde oss ut av EØS? Vi veit at EØS langt på veg er eit økonomisk medlemskap i EF, og at det er viktig å kome ut fort før vi gror fast.

RV har også ei anna arbeidsform enn dei andre partia. Vi seier ikkje at folk skal røyste på oss for at alt skal verte ordna. Vi seier at det viktigaste er at folk kjempar sjølve i Nei til EF, Naturvernforbundet,

fagforeiningar osb. Ei røyst til RV vil gi flinke og uredde stortingsrepresentantar. RV set folk sine behov framfor eigne politiske maktposisjonar, budsjettbalanse og konkurransevne.

RV har truleg berre mandatsjansar i Oslo. Erling Folkvord kan verte RV sin fyrste stortingskandidat. Den kjende korrupsjonsjegeren vil gjere ein like oppofrande jobb i Stortinget som han har gjort i Oslo bystyre. Ei RV-røyst i Sogn og Fjordane er og ei røyst til Erling Folkvord. Eit politisk parti vert bygd opp frå botnen av. All støtte tel for eit lite parti. Dess fleire røyster vi får no, dess nærare er vi neste gong. Gje røysta di til den du støttar. Kast ikkje bort røysta di på taktikk.

RAUD VALALLIANSE SI LISTE VED STORTINGSVALET I 1993

- 1: Magnar Falkenstein, småbrukar, Naustdal
- 2: Oddveig Lyngstad, skuleelev, Jølster
- 3: Einar Rysjedal, fabrikkarbeidar, Høyanger
- 4: Vibeke Johnsen, lærar/student, Sogndal
- 5: Knut Solberg, faglærer, Førde
- 6: Borghild Guddal, skuleelev, Førde
- 7: Åge Eitungjerde, sjukepleiar, Balestrand
- 8: Marit Slettevold, sjukepleiar, Naustdal
- 9: Geir Oldeide, fiskar, Vågsøy
- 10: Randi Aven, hjelpepleiar, Høyanger
- 11: Brynhild Løken, elektromontør, Florø

